

Nr 2-2022, årgang 58

# KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

Sommar 2022



Fotograf: Maria Skjæveland

## «SO BLÆDDE DEI SALMUR»

Ein maikveld med angande syrin og kvitkledde frukttre i fagraste bløming svingar me innom Sønderland. Olav Arne tek imot på tunet. Vel innom døra byd Torill på kveldsmat med alle slags gode pålegg på duka bord. Olav Arne og Torill – med jentenamnet Solli frå Holt – bygde seg hus på heimetunet til Olav Arne etter at dei gifte seg i 1975. Her fekk ekteparet to gutar i lag. Denne kvelden sit ein av dei, Svein Harald, ved bordet og har litt av kvart å fortelje frå fire og eit halvt år som forskingsrådgjevar på Svalbard. I Kyrkjelydsbladet har me tidlegare hatt ei lengre samtale med Torill då ho var kyrkjevevjerje, så denne venda vil me tale litt meir med Olav Arne.



Saman med syskena fekk Olav Arne vekse opp med bognande blomar og frodige frukttre. Sveinung H., far til Olav Arne, dreiv gartnarverksemd. Han var òg av dei som bygde opp pelsdyrgard, noko Olav Arne kom til å føre vidare. Olav Arne kom òg til å byggje opp ein stor bigard. Både innanfor landbruksnæringa og i bedehus og kyrkje har han teke på seg viktige oppgåver i fleire styre, også som leiar. I det som han har hatt att av fritid, har han og familien kunna glede seg over friluftsliv, hagestell og samlingar på bedehuset, i kyrkja og på leirar.

### – Her på Sønderland fekk du skape din eigen arbeidsplass?

– Ja, eg kom til å drive både med pelsdyrgard og bigard. Bigarden held eg på med ennå, og har kunna utvide litt etter at eg slutta med pelsdyr. Eg synest eg er heldig som kan få fylgje med om våren. Då er det som eit under når fuglane kjem att, når blomar og tre vaknar og «liv av daude gror». Då er det moro å halde auga med fuglekassune! Og det skjer då visst mykje spennande i bigarden. Når ei bie kjem att til kuba med pollen på beina, kan me t.d. sjå på fargen på pollenet kvar ho har vore.

### – I oppvekståra dine blei du nok kjend med mange av songane frå kyrkja og bedehuset?

– Ja, frå me var små, var me med på sundagsskulen, og elles med foreldra våre på møte og gudstenester. Slik lærte me mange av songane ved å høyre og nynne med så godt me kunne. Ein av dei som eg kjem i hug at eg fekk lært inn på denne måten, er Navnet Jesus. Då eg fekk spørsmål om å plukke ut ein som eg set pris på, fór tankane nokså fort til denne songen. Han fortel så fint om namnet Jesus, namnet på han som me skal få lov til å tru på og feste lit til gjennom livet i skiftande dagar og år, og som til slutt ber oss gjennom død og grav.

TV

1.	2.	3.
Navnet Jesus blekner aldri, Tæres ei av tidens tann. Navnet Jesus, det er evig, Ingen det utslette kan. Det har bud til unge, gamle, Skyter stadig friske skudd. Det har evnen til å samle Alle sjeler inn til Gud.	Jesu navn! Hvor skjønt det klinger, La det runge over jord! Intet annet verden bringer Håp og trøst som dette ord. For det navn må hatet vike. For det navn må ondskap fly Ved det navn skal rettferds rike Skyte friske skudd på ny.	Midt i nattens mørke blinker Som et fyrlys Jesu navn, Og hver hjelpløs seiler vinker Inn til frelsens trygge havn. Og når solen mer ei skinner, Jesu navn, det lyser enn. Da den frelste skare synger Høyt dets pris i himmelen!

Refreng:

Navnet Jesus må jeg elske,  
Det har satt min sjel i brann.  
Ved det navnet fant jeg frelse,  
Intet annet frelse kan.

Refreng:

Tekst: David Welander, 1923 etter Salme 72,17  
Melodi: Frå Zulu-kyrkja

Refreng:

---

# ANDAKT

---

## Jesus som ven

Ikonet Jesus og Sankt Menas, eller Jesus som ven, som det og blir kalla.

Dette er det eldste ikonet vi kjenner frå Egypt, frå 700-talet. Og det heng i museet Louvre i Paris, der og Mona Lisa heng.

Alle menneske lengtar vel etter ein ven som ein kan gå saman med. Det er ein gamal romersk tenkar, Seneca, som levde på Jesu tid. Han sa ein gong at den som reiser mykje, kan oppleve mykje gjestfrihet, men får få vener.

Vi lever i ei rastlaus tid, og difor er det og mange som kjenner på einsemd og meiningsløyse. Då er det viktig å tenke at ingen kan krevje venskap, men ein kan ta imot og gle seg over vener som ein har.

Det nyttar ikkje å flykte, eller lengte seg til ein annan stad. Ein må sette pris på den venen som ein har.

For den grunnleggjande karakter for venskap er likeverd. Ein kan senke skuldrane, sleppe å forklare, sleppe å prestere. Ein kan berre vere saman i fridom og tillit. Du kan ikkje eiga ein ven.

Det ser vi og i eit parforhold. Det er viktig å kunne dyrke venskapen. Aslaug Vaa skriv i eit dikt om eit par kan eiga kvarandre:

«Stundom spør ein: Kan ein eiga eit anna menneskje?»

Og ho svarar:

«Fyrst når to men`skje kan sei til kvarandre: Gå der du vil, du er du! Gjer det du vil, eg er eg-

men eg ser vegen din og eg lyder etter fotefari dine og eg kjenner din vilje strøyme gjennom blodet i jamne, rolege pulsslag-

Fyrst då kan to men`skje eiga kvarandre.»

Til slutt nokre ord om Jesus som ven. Han er ein annleis ven som går med oss på vegen Han er ein ven som kan gje oss den kjærleiken som dei gamle grekarane kalla for agapekjærleiken. Dei skilde mellom tri former for kjærleik, eros (erotikken i eit parforhold), filos (som er å vere ven), og til slutt hadde dei det som vart kalla agape (Den kjærleiken som ikkje krev noko tilbake).

Jesus som ven, er han som møter oss utan mothakar, han berre gjev seg sjølv for oss. Og det stend i Bibelen ar ingen har større kjærleik, enn den som gjev sitt liv for sine vener. Difor held Jesus Bibelen i hendene sine. Og på sida stend det: SOTER som tyder frelsaren. Jesus er vår frelsar og ven.

Knut Bjørn Skyttemyr  
sokneprest





## Litt om KABB (Kristent Arbeid Blant Blinde og Svaksynte) og Lydbibelen

Stundom møter me menneske som gradvis eller brått har opplevd å miste mykje eller alt av synssansen. Tapet av ein viktig sans gjer naturlegvis noko med dei det gjeld. Dei må mellom anna finne alternativ for å greie kvardagen så godt som råd.

Mange gonger er det imponerende kor flinke mange av dei blinde og svaksynte er til å finne gode løysingar, slik at dei framleis kan vere med både i arbeidsliv, idrett, kultur og meningsfulle fritidsaktivitetar.

Norges Blindeforbund har i mange år vore ein viktig organisasjon for at blinde og svaksynte skal få så gode vilkår som råd i samfunnet vårt.

Frå etterkrigsåra minnest nok fleire av oss eldre blindesakskveldane. Margit (Malla) Tveiten fortalde til Kyrkjelydsbladet om då ho fylgde dei blinde, humørfylte karane Gunnar Engedahl og Erling Stordahl nedover til Ungdomshuset, der dei spela og song og skaffa kjærkomne midlar.

Vidare kom Riddarrennet og Beitostølen helsesportsenter med Erling Stordahl i spissen til å bli banebrytande innanfor det som i dag heiter paraidrett.

KABB, eller Kristent Arbeid Blant Blinde og Svaksynte som er det fulle namnet, er òg ein organisasjon som er til stor hjelp og støtte både for unge og eldre. KABB minner styresmaktene om kva som trengst i kvardagslivet. Organisasjonen har lydbibliotek og gjev ut bøker, lydavisar og blad på lyd, materiell med stor skrift og med punktskrift. Vidare har KABB arrangement for synshemma og lesehemma og kan gje personleg rettleiing. Om sommaren steller organisasjonen til spennande leir med allsidige aktivitetar.

I dei siste åra har det vore ei viktig satsing å gje ut Bibelen som lydbok. Bokmålsbibelen blei ferdig innlesen for ei stund sidan. I sommar vil me òg kunne glede oss over å få høyre Bibelen på nynorsk med profesjonell opplesar, Helga Samset. Å kunne få høyre Bibelen som lydbok er naturleg nok svært verdifullt for blinde og svaksynte, men det kan òg vere noko som fleire av oss vil ha nytte og glede av iblant.

Som kjent er Bibelen noko meir enn ei bok for spesielt interesserte. Her finn me tekster som høyrer til perlene i verdslitteraturen, tekster som i stor grad har vore med og forma vesterlandsk menneskesyn, språk, kultur og sivilisasjon.

Vil du kontakte KABB, kan du bruke desse adressene og dette telefonnummeret:

- [kabb@kabb.no](mailto:kabb@kabb.no)
- [www.kabb](http://www.kabb)
- **telefon 69 81 69 81**

## Opa kyrkje i Nissedal i sommar

Det blir opa kyrkje i Nissedal nokre gonger i juli, for alle som har lyst til å kome inn for å sjå, lytte til guiden, bare vere stille eller tenne lys.

Vi i soknerådet vil gjerne vise fram den fine kyrkja vår, og vi stiller med lokale guidar. Det vil også vere mogeleg å kjøpe jubileumsboka om kyrkjene i Nissedal og Treungen, frå 2013.

Kyrkja vil vere opa i samband med at veteranbåten M/S Fram legg til ved Prestegardsbrygga, på følgjande datoar frå kl 17.45-18.30:

Sundag 10.07.

Onsdag 13.07.

Sundag 17.07.

Onsdag 20.07.

Sundag 24.07.

GBR-M.



## Kyrjekaffi med bokprat

Sundag 22.mai hadde me besøk av bibliotekaren vår, Sigrid K.N. Vejen. Ho las dikt på gudstenesta og hadde eit program på kyrjekaffien etter messa på føremiddagen i Nissedal. Stolane me hadde sett fram bedehuset blei nesten heilt fylt opp. Me fekk høyre dikt omsett frå engelsk og fekk vite meir om forfattarane. Det var ein annleis kyrjekaffi som ga oss noko å tenkje på vidare.

Sigrid skriv om arrangementet: «Kirkekaffe med bokprat» inngår i prosjektet «Gjør døren høy, gjør porten vid- Folkebiblioteket med litteraturformidling inn i kirken» som har fått støtte fra Nasjonalbiblioteket.

Me takkar bibliotekaren for initiativet og gler oss til hausten når ho kjem tilbake med nye tekstar.

GBR-M.

Skodda

Eg trur skodda kan vere pusten til Gud,  
som har sett landskapet i pant mens Han  
andar ut i morgongryet.

Ikkje øydelegg det for meg, Sol!

Ikkje reis med det, Vind!

La Gud puste her saman med meg.

*Dulce Maria Loynaz*

*Omsett av Tove Bakke*



---

## TRUSOPPLÆRING HAUSTEN 2022

---



**NATTCAFE** på bedehuset i Treungen kl. 20.00 – 00.00 siste laurdag i månaden.  
Det blir servert pizza, og vi har mange ulike aktiviteter.  
Samlingane er for ungdomsskulen og vidaregåande.  
Velkomen!

**ALDRI ALEINE** på bedehuset i Treungen kl. 17.30 – 19.30.  
Målet med ALDRI ALEINE er å skape trygge rom der tenåringer kan kjenne med heile seg at dei har ein identitet som Guds barn.  
Nokre stikkord er: Fellesskap og relasjonar, trygg kvardagstru på Jesus og sjølvbilde. Samlingane er for 6. og 7. klasse.  
Velkomen!

«Lys vaken» 2.- 3. april for Aldri aleine gjengen



### Tårnagenthelg

Ein flott gjeng med barn frå 3. og 4. klasse var samla laurdag kveld og på gudsteneste søndag.





## **Program for søndagsskolen i Felle kapell hausten 2022**

Sundag 28. august kl.11.00: Søndagsskulens dag  
for heile kommunen i Nissedal kyrkje kl.11.00  
Måndag 12. september  
Måndag 10. oktober  
Måndag 14. november  
Sundag 27. november adventsgudsteneste og  
jolegrantenning  
5. juledag (29.12.) Søndagsskulens jolefest i  
Treungen bedehus

**Samlingane startar kl.17.00**

***Alle frå 0 år og oppover er hjarteleg velkomne!***



## **Program for søndagsskule og tårnagentar hausten 2022 Treungen bedehus**

Sundag 28.08. kl.11.00 Søndagsskulens dag i  
Nissedal  
Sundag 04.09. kl.11.00 søndagsskule i Bedehuset  
17.-18.09. haust-tur til Gautefall fjellkyrkje  
Sundag 02.10. kl.11.00 søndagsskule i Bedehuset  
Sundag 23.10. kl.11.00 søndagsskule i Bedehuset  
Sundag 30.10. kl.11.00 Familiegudsteneste  
Treungen kyrkje, 4 års bok  
Sundag 06.11. kl.11.00 søndagsskule i Bedehuset  
Sundag 20.11. kl.11.00 søndagsskule i Bedehuset  
Sundag 04.12. kl.11.00 familiegudsteneste Lys  
vaken + adventsamling Haugsjåsund grendehus  
kl.17.00  
Sundag 18.12. kl.18.00 Vi syng jola inn  
Joleftan kl. 14.30 familiegudsteneste  
5. juledag, 29.12. – søndagsskulens jolefest i  
Bedehuset kl.17.00

*Det vil også vere tilbod til borna i sakristiet under  
dei vanlege gudstenestene.*

***Hjarteleg velkomen til alle frå 0 år og oppover!***

## **Søndagsskulens dag i Nissedal 28. august 2022**

Gudsteneste i Nissedal kyrkje kl. 11.00. Deltakarar frå Aldri Aleine, Friklubben, tårnagentar og  
søndagsskuleborn deltek. Song av Lollipop.  
Tale v/landskonsulent i Søndagsskolen i Norge, Ove Berrefjord.  
Etter gudstenesta vert det bollar og kake, «fiskedam» og natursti m.m.  
Alle er hjarteleg velkomne!  
Helsing søndagsskulane i Nissedal



## **Kyrkjebygda bedehus.**

Haustprogrammet for trusopplæringsaktivitetar blir presentert i neste nummer av Kyrkjelydsbladet.



## GUDSTENESTELISTE MED OFRING HAUSTEN 2022

### JULI

3.	kl. 19.00	Nissedal		Kirkens SOS
17.	kl. 11.00	Treungen		Kirkens SOS
31.	kl. 12.00	Tveit kyrkjegard		Kyrkjelydsarbeidet

### AUGUST

14.	kl. 19.00	Nissedal	Nattverd	Diakoniprojektet i Mali
21.	kl. 11.00	Treungen	Nattverd	Diakoniprojektet i Mali
28.	kl. 11.00	Nissedal	Sundagsskulens dag	Sundagskulen i Telemark

### SEPTEMBER

3.	kl. 11.00	Treungen	Konfirmasjonsgudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
4.	kl. 11.00	Nissedal	Nattverd	Kyrkjelydsarbeidet
18.	kl. 11.00	Gautefall	Familiegudsteneste Sundagsskuletur	Sundagskulen i Telemark
22.	kl. 18.00	Nissedal	Haustakkefest	Kyrkjelydsarbeidet

### OKTOBER

2.	kl. 11.00	Nissedal	Familiegudsteneste Utdeling av 4-årsbok	Acta Telemark
16.	kl. 11.00	Treungen	Nattverd	Diakoniprojektet i Mali
30.	kl. 11.00	Treungen	Familiegudsteneste Utdeling av 4-årsbok	Acta Telemark
30.	kl. 18.00	Nissedal	Salmekveld	Kyrkjelydsarbeidet

### NOVEMBER

6.	kl. 18.00	Nissedal	Minnegudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
20.	kl. 11.00	Nissedal	Nattverd	Diakoniprojektet i Mali
20.	kl. 18.00	Treungen	Salmekveld, Nattverd	Kyrkjelydsarbeidet
27.	kl. 17.00	Felle	Adventsgudsteneste Jolegrantenning	Diakoniprojektet i Mali

### DESEMBER

1.	kl. 18.00	Nissedal	Jolegrantenning; Graut på Bedehuset	Kyrkjelydsarbeidet
4.	kl. 11.00	Treungen	«Lys vaken» 6. og 7. kl. Familiegudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
18.	kl. 18.00	Treungen	Vi syng jola inn	Kyrkjelydsarbeidet
24.	kl. 13.00	Felle	Joleftan	Kirkens nødhjelp
24.	kl. 14.30	Treungen	Joleftan	Kirkens nødhjelp
24.	kl. 16.00	Nissedal	Joleftan	Kirkens nødhjelp
25.	kl. 11.00	Treungen	Fyrste joledag; Nattverd	Diakoniprojektet i Mali



---

# TREUNGEN FRIKYRKJE HAUSTEN 2022

---

**Vi oppmodar til å fylgje med på [www.treungenfrikyrkje.no](http://www.treungenfrikyrkje.no) då mykje er usikkert og det kan kome fleire endringar i programmet. På heimesida vil vi også gi info om kva tilbod vi har til born og unge.**

## August

- 5. og 6. Vaffeltelt
- 14. 11.00 Utegudsteneste
- 19.- 20 Tur til Godthol for 4.- 5. kl.
- 20.-21 Tur til Godthol for 6.- 7.kl
- 21. kl.19.00: Husgrupper
- 23. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 24. 11.30 Andakt og Kaffi på NOS-talgi
- 27. kl. 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste
- 28. kl.11.00 Sundagsskulens dag - Nissedal

## September

- 04. kl.19.00 Husgrupper
- 05. 17.30 Speidaraktivitet og Rangers
- 06. 19.00 Kvinneforening
- 07. 11.30 Andakt og kaffe på NOS-talgi
- 07.16.00 Familiemiddag. Grilling
- 08. 19.00 Kveldskafè
- 11. 11.00 Gudsteneste. Nattverd  
Tur etter gudstenesta
- 12. 17.30 Friklubben og Lollipop
- 13. 18.00 Dugnad/fellesskap
- 17. – 18. Hausttur til Gautefall fjellkyrkje
- 18. 11.00 Felles familiegudsteneste, Gautefall fjellkyrkje
- 19. 17.30 Speidaraktivitet og Rangers
- 20. 19.00 Kvinneforening
- 21. 11.20 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 23-24. Tur med 9.kl til Fjone
- 25. kl.11.00 Gudsteneste med konfirmantpres.  
Sundagssk. Og Agentkl.
- 26. 17.30 Friklubben og Lollipop
- 27. kl.18.00 Kyrkjelydsmøte

## Oktober

- 02. kl.19.00: Husgrupper
- 03.17.30: Speidaraktivitet og Rangers
- 04.19.00 Kvinneforening
- 05 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi

- 06.19.00 Kveldskafè
- 09. 11.00 Gudsteneste. Sundagssk. Og Agentkl.  
Nattverd
- 16. 19.00 Husgrupper
- 17. 17.30 Speidaraktivitet og Rangers
- 18. 19.00 Kvinneforening
- 19. 11.30 NOS-talgi – Frivillighetens dag
- 22.-23. BGF Kragerø
- 23. 11.00 Gudsteneste. Nattverd
- 25. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 30. 16.00 Middag i heimane
- 31. 17.30 Speidaraktivitet og Rangers

## November

- 01. 19.00 Kvinneforening
- 02. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 07. Kveldssafari – «Global veke»
- 08. 18.00 Kyrkjelydsmøte
- 13. 11.00 Gudsteneste med Sundagssk. og Agentkl.  
«Global veke»
- 14. 17.30 Speidaraktivitet og Rangers
- 15. 19.00 Kvinneforening «Global veke»
- 16. 11.30 Andakt og kaffi på NOS- talgi
- 17. 19.00 Kveldskafè
- 20. 19.00 Husgrupper
- 21. 17.30 Friklubb og Lollipop
- 22. 18.00 Dugnad. Jolemesssa
- 25. 18.00 Jolemesssa
- 26. 11.00 Jolemesse
- 27.11.00 Misjonsgudsteneste. Nattverd
- 28. 17.30 Speidarakt. og Rangers
- 29. 19.00 Kvinneforening
- 30. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi

## Desember

- 04. 19.00 Husgrupper
- 05. 17.30 Friklubben og Lollipop
- 06. 18.00 Dugnad/fellesskap
- 11. 11.00 Familiegudsteneste. 4-årsboka
- 14 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 24. 15.00 Familiegudsteneste.
- 29. 17.00 Sundagsskulens jolefest. Bedehuset

**Bøn onsdag i partalsveker kl. 10.30 hos Rut S Nielsen, Landvik 21**

---

## TREUNGEN NORMISJON, BEDEHUSET HAUSTEN 2022

---

- August        Torsdag 11. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.  
                  Torsdag 18. kl.19.00 Møte, Terje Olafsen.
- September    Torsdag 01. kl.19.00 Bøn og samtale.  
                  Torsdag 15. kl.19.00 Møte, Odd Rannestad  
                  Torsdag 22. kl.19.00 Medlemsmøte.  
                  Onsdag 28. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund, Martha I. Eriksrød,  
                  Torsdag 29. kl.19.00 - i Bedehuset        -----«-----
- Oktober        Torsdag 06. kl.19.00 Bøn og samtale.  
                  Torsdag 20. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.  
                  Fredag 21. kl.18.00 Basar.  
                  Onsdag 26. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund, Ulf Børge Rahm.

Kvar torsdag i tida 07.juli til og med 04.aug. er det bøn/samtale kl.19.00.

Velkomne i Bedehuset.

---

## MØTE PÅ HAUGSJÅSUND GRENDEHUS HAUSTEN 2022

---

Onsdag 22.sept.kl.19.00: Møte med tale av  
Martha Irene Eriksrød  
frå Normisjon.  
Kollekt og enkel servering.

Onsdag 23.nov. kl.19.00: Møte.  
Kollekt og enkel servering.

Torsdag 23.sept.kl.19.00: Me sluttar opp om møte  
På Bedehuset med tale av  
Martha Irene Eriksrød.

Sundag 4.des. kl.17.00:  
Adventsstund for store og små  
Andakt ved Torill Sønnerland.  
Geir Christian Enger og  
Marie Kornmo Enger  
hjelper oss med å friske opp  
advents- og jolesongar.  
Kollekt og enkel servering.

Onsdag 26.okt. kl.19.00:  
Besøk av Ulf Børje Rahm frå  
Normisjon.  
Kollekt og enkel servering.

**VEL MØTT!**



### **Fjone bedehus**

Basar 18. nov. kl. 18.30

Damenes startar opp onsdag 7. sept. Kl. 19.00

Sjå også FB-sida

BASAR: onsdag 25.mai kl 18.30

### **Kyrkjebygda bedehus**


**Basar** på kyrkjebygda bedehus med åresal og loddbøker fredag 4. november. Me vil samle inn pengar til nye bord. Det blir sal av komper og pølser. Gratis kaffi/saft og kake. Me er takksame for gevinstar på førehand.

Basarkomiteen: Solgunn, Jorun Marie, Jorun, Astrid, Pauline og Gunnhild

## **FRÅ KYRKJEKONTORET**

### **Dugnad:**

I vår fekk vi gjennomført dugnad på alle kyrkjegardane med godt oppmøte. Her blei det raka og kjørt ut jord, samt retta opp ein del støtter. På Felle blei det også måla ein vegg på kapellet.



### **Diakonprosjektet Mali:**

Innkome midlar til Diakonprosjektet i Mali er totalt kr. 33. 830,85 fordelt på innsamla offer kr. 16. 848,13 og gåve frå bursdag kr. 16. 982,72. I kvar kyrkje har vi røyr med bordtennisballar som symboliserer kor mange sykklar vi får for innkomne midlar.

### **Offer i kyrkjene**

Frå nå er det mogleg å gje offer i form av kontantar igjen under gudstenestene.

### **Fast gjevarteneste:**

Frå hausten skal vi få i gang fast gjevarteneste igjen. Det vil kome eit eige kontonummer. Alle som vel dette, kan fylle ut eit skjema, slik at vi får alle opplysningane vi treng. Ta kontakt med kyrkjekontoret viss du er interessert.

### **KONSERT I TREUNGEN KYRKJE 30. SEPTEMBER**

Konsert med Sigmund Groven, Marianne Bye Granheim og Ådne Svalastog fredag 30. september.  
Meir info kjem seinare.

Treng du skyss til gudsteneste i kyrkjene, kan du ringe:  
Liv Lia, tlf.: 414 470 19 eller Astrid Eidem Nordal, tlf.: 936 594 21


### **MINIMARKNAD I KYRKJEBYGDA SENTRUM**

Laurdag 2. juli held Framnes Vel minimarknad i Kyrkjebygda sentrum frå kl. 10.00.  
Loppemarknad og ulike stands. Eit arrangement for å vere saman.

Velkomen!


Arr.: «Sentrumsjentene»





# MELDINGSBLAD

NISSEDAL KOMMUNE



NR 2.

2022

## **Nissedal blir demensvenleg kommune**

Nissedal kommune har inngått avtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen for å samarbeide om demensvenleg samfunn. Nissedal helselag er Nasjonalforeningen for folkehelsen sitt lokallag i kommunen, og har vore pådrivar for eit slikt samarbeid.

Eit meir demensvenleg samfunn er avgjerande for mange og bra for alle.

Personar med demens blir meir sjølvhjelpete og kan leve aktive liv lengst mogleg. Ved å bli møtt med respekt og forståing, vil personar med demens og deira pårørande oppleve tryggleik, fridom og verdigheit. Kunnskap bidrar til at arbeidskvardagen til personar i ulike sørvisyrke blir enklare, og kommunar og sørvisnæringar som deltek får eit positivt omdømme.

Avtalen blei offisielt signert i møte 31. mai. Ordførar Halvor Homme og generalsekretær Mina Gerhardsen sto for dei forplikande signaturane. Nå skal det lagast ei arbeidsgruppe med deltakarar frå kommunen, helselaget og næringslivet i kommunen, og neste skritt blir å invitere til ope informasjonsmøte og sette i gang med opplæring.

Målet er at tilsette i privat og offentleg sørvisnæring gjennomfører eit kurs der dei lærer korleis ein møter personar med demens, og på den måten kan bidra til å gjere lokalsamfunnet litt meir demensvenleg.

Foto (Kurt Henning Johnsen):

Generalsekretær Mina Gerhardsen og rådgivar Mirjeta Emini deltok via Teams og sto for den offisielle signeringa av avtalen.

Frå venstre ser vi Tone Narvesen frå Nissedal helselag; Aud Lie Solheim, demenskontakt i fylkesstyret; Pauline G. Nordbø, leiar i Nissedal helselag og fylkesleiar, og frå Nissedal kommune ordførar Halvor Homme, kommunedirektør Sverre Sæter, einingsleiar Velferd Arne Hansen Espebu og demenskontakt Lena Haugsjå.



---

# BLI KJENT MED SALMEBOKA

---

Ein salme som er sommar for meg, er «Den blomstertid nå kommer» (NoS 841)

1. Den blomstertid nå kommer med lyst og glede stor,  
den kjære, lyse sommar da gress og grøde gror.  
Nå rører solens armer ved alt som før var dødt,  
de blide stråler varmer og alt på ny blir født.
2. De fagre blomsterenger og åkrer rad på rad,  
de grønne urtesenger og trær som skyter blad.  
Hver blomst, hver spire minner oss om å ta imot  
det lys som alltid skinner fra Gud, vår Skaper god.
3. Vi hører fugler sjunge med herlig jubellyd!  
Skal ikke da vår tunge lovsynge Gud med fryd?  
Min sjel, opphøy Guds ære med lov og gledessang!  
Han vil oss nådig være som før så mang en gang.
4. Gud signe årets grøde i alle verdens land!  
Gud gi oss daglig føde fra jord og hav og strand,  
og hjelp oss du å dele med andre det vi har.  
Vårt liv, vår jord, det hele er ditt, vår Gud og Far!
5. Du kjære Herre Kriste, du sol med klarest skinn,  
la hjerte-isen briste og smelte i vårt sinn!  
La dine budord følges, og mett oss med ditt ord.  
La nådens lys ei dølgjes for oss på denne jord!



Kantor: Maria Skjæveland

Salmen blei skriven av Israel Kolmodin i 1694 og fekk sin plass i Then svenska psalmboken i 1695. Den har blitt omsett til norsk og dansk fleire gonger, første gongen var mest sannsynleg av Wexels i hans Christelige Psalmer i 1840 under «Den lyse tid nu kommer». Landstad si omsetjing kom i den autoriserte salmeboka i 1869, og i Landstad reviderte blei den tatt inn med små språkjusteringar. Den har også komme med i Nynorsk salmebok, omsett av Hovden: «No kjem den vene våren». I norsk salmebok, er salmen relativt omarbeida, med sløyfing av strofer, nyskriving og samansetjing av tidlegare strofer.

Denne salmen har alltid vore ein skatt i Norden. I Sverige er den obligatorisk ved sommaravslutning ved skulane. Dei tre første strofene er ei skildring av naturen som vaknar til liv etter vinterens dvale. Livet har atter ein gong sigra og Gud er nådig og god. I strofe fire ber vi om velsigning over grøda. Den er også ei bøn om å forvalte og dele rikdomen vår med andre. I strofe fem ber vi om at sola må ha same verknad i hjarta våre som i naturen om våren; det at han smeltar isen. Siste del av strofa er ei bøn om at nådens lys aldri blir skjult, og at vi blir metta med Guds ord.

Melodien blir rekna som ein svensk folketone frå 1500-talet. Komponistens identitet er ukjent. Den eldste kjelda er koralmanuskriptet frå Roslagskulla, nord for Stockholm, frå rundt 1693. Den kom på trykk i Then Svenska Psalmboka i 1695 til teksten «Migh gör stoor lust och glädie».

## **NISSEDAL SOKN VEST TELEMAR**

### **Sokneprest**

**Knut Bjørn Skyttemyr**

Kyrkjekontoret:

Tysdag og torsdag kl. 10 –13

Ellers treffetid etter avtale.

Tlf.: 35 04 84 49

Mobil: 90 79 93 68

E-post: knut.bjorn.skyttemyr

@nissedal.kommune.no

### **Kyrkjeverje Bente Meyer**

Kyrkjekontoret: Tysdag, torsdag  
og fredag kl. 9 -13

Tlf.: 35 04 84 43

Mobil: 99 54 45 43

E-post: bente.meyer

@nissedal.kommune.no

### **Leiar i soknerådet:**

Anita Haugstad Haugsjå

### **Nestleiar i soknerådet:**

Astrid Eidem Nordal

### **Kyrkjetenar:**

**Anne Marie H. Larsson**

Mobil.: 90 63 47 47

### **Kantor:**

**Maria Skjæveland**

Mobil.: 94 06 02 69

### **Klokkar i Treungen kyrkje:**

**Reidun Lauvdal**

Mobil.: 95 06 52 01

### **Prostdiakon Eilev Erikstein**

Tlf.: 35 07 71 88

Mobil.: 91 11 35 80

## **KIRKENS SOS**

**Tlf 22 40 0040**

## **Frå kyrkjeboka – Nissedal sokn**

### **Treungen kyrkje**

#### **Dåp**

4. juni

Johannes Storbrua Hauge

Foreldre: Inge Egil Hauge og Heidi Storbrua

4. juni

Ludvig Hagen

Foreldre: Hans Inge Hagen og Pernille S. Stephensen

#### **Gravferd**

30. mars

Ingebjørg Karine Kvås, Død: 22.03.22 Fødd: 1932

8. juni

Paul Georg Dahle, Død: 29.05.22 Fødd: 1936

Frist for innlevering av stoff til neste nr.:

**Gje gåve på giro/konto: 2714.10.15589**

Merk kva de støttar.

**Gje di gåve ved bruk av VIPPS**

Kyrkjelyden har fleire nummer:

123534 Sundagens offer

123537 Kyrkjelydsarbeidet,

123538 Diakoniprojekt i Mali

123539 Gåve til Kyrkjelydsbladet



## **KYKJELYDSBLAD**

for Nissedal sokn utgjevar: Soknerådet i Nissedal

REDAKSJON:

Knut Bjørn Skyttemyr, 3854 Nissedal, Mob: 90 79 93 68

Tor Valle, 3855 Treungen, priv. tlf: 92 48 90 42

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn 3854, Nissedal, priv.tlf: 99 42 33 59

EKSPEDISJON: Kyrkjekontoret

GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i Nissedal prestegjeld.

Friviljuge gåver til bladet vert mottekne med takk.

Trykt ved Erik Tanche Nilssen trykkeri, Skien



---

# EI TALE FOR DEN SOM SER

---

Quo vadis? Kvar går du? Ja, det kan ein av og til lure på. Kva er neste steg? Kvar går vegen vidare? Ein songtekst eg har med meg frå ungdomen lyder slik:

*Livet, hva er det?  
Mange ønsker å se  
meningen med livet og ferden,  
og hvorfor vi er i verden.*

*Mange søker å finne  
Et liv med penger og makt.  
De tror de vil finne sannhet,  
Men møter hat og forakt.*

*Vi er satt i verden.  
Vi skal leve og dø.  
Men hvor skal vi finne veien  
til gleden og til seiren?*



Av og til går livet «på skjener», men det går også opp og ned. Etter ein periode med ro og lite tvil, kan ein kome til eit vegkryss, og spørsmålet om kva retning ein skal ta vidare, dukkar opp.

Viss ein er heldig, har ein fleire gode alternativ å velje mellom. Valet kan likevel vere vanskeleg. Men det hender også at ein må velje mellom pest og kolera, altså at alle alternativ er utfordrande. Quo vadis? Kvar går vegen vidare då? Ein spør seg som i songen: ..hvor skal vi finne veien til gleden..? Me ønsker jo å leve gode liv.

Ei god start på dagen kan gje hjelp til å få ting på rett plass. Og her kjem eg med ein annan song, som har vore med meg i lang tid. (Han er faktisk frå den same gamle LP-plata: Tankekors med Grete Salomonsen og Sjeminit.) Her er det Grete Salomonsen som står for både tekst og melodi.

*Tidlig hver morgen mens kaffen blir varm, før verden blir fylt av hverdagens larm,  
jeg setter meg ned ved mitt frokostbord og lytter stille til min Herres ord.*

*Fred strømmes inn i kjøkkenet mitt når jeg får si: Herre, mitt liv er ditt.  
Og alle mine feil fra i går er glemt, han tilgir alt, som om det aldri var hendt.*

*Jeg får lese i hans ord hvor han sier meg: Se liljene på marken, de spinner ei.  
Når også de får så pene klær, hvor mye mer vil jeg gi mine barn jeg har kjær.*

*Slik sitter vi og prater til måltidets slutt, jeg takker ham for maten og springer så ut  
Med et bankende hjerte til en ny dag hvor Herrens fred er gjemt i hvert lille minutt.*

Morgonen er hektisk for mange, og den roen som songen her handlar om, er kanskje heilt uopnåeleg for deg. Men i ei eller anna lomme av tid går det an å finne eit lite pusterom med eit blikk mot Gud, der du får seie: «Herre mitt liv er ditt.» og leggje dagen i hans hender.

GBR-M.

# GULLKONFIRMANTAR 1971 OG 1972 KULLET



1972- kullet: Astrid Sundsli Leirvik, Berit Thorsen Lauvdal, Thor Oddvar Rekvik, Margit Hunemo, Inge Petter Myrmoen og John Dybdahl



Tove Neset, Ragnhild Nordbø Pettersen, Tellef Fossli og Olav Borstad



1971- kullet: Gudmund Fossli, Kåre Gjermund Juva, Anne Svalastog Norseng , Oddvar Hunemo, Lene Halsteinsen, Torill Vangen Olsen, Eva Torhild Johansen, Anne Grethe Lauvdal Thorsen og Vigdis Eilefstjønn